



Knarvik kafe og Thai takeaway as
Kvassnesvegen 2

5914 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar: Ref.:43A8NT- Skjemanr.:247

Vår: 18/2908 - 18/35782

Saksbehandlar:

Tove Mette Arnø Fyllingen

ftm@lindas.kommune.no

Dato:

28.11.2018

Svar på søknad om serverings- og skjenkeløyve

Vedlagt følger saksutgreiing med vedtak.

Med helsing
Tove Mette Arnø Fyllingen
avdelingsleiar

Dokumentet er signert elektronisk.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Mottakarar:

Knarvik kafe og Thai takeaway as Kvassnesvegen 2 5914

ISDALSTØ

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
110/18	Formannskapet	PS	22.11.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Reidun Sæbdal	18/2908

Serverings- og skjenkebevilling Knarvik kafe og Thai takeaway AS

Vedlegg :

20181113124049

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

I medhald av serveringslova og alkohollova vert søknad om serverings- og skjenkebevilling innvilga.

- Løyveharar: Knarvik kafe og Thai takeaway as org. nr 919905638.
- Dagleg leiar: Yngve Walaker f. 25.03.64, Litlevika 29, 5914 Isdalstø.
- Styrrar for skjenkebevillinga: Yngve Walaker, 25.03.64 og avløyssar for skjenkebevillinga er Anita Tepstad f. 02.04.67.
- Åpningstid og skjenketid: måndag- torsdag kl.11.00 – 23.00, fredag og laurdag kl.11.00 – 01.00, søndag kl.13.00 – 22.00.
- Skjenkebevilling alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2.
- Skjenkebevillinga gjeld til 30.09.2020.
- Areal: ca 70 kvm skjenke- og serveringsareal og 35 sitjeplassar og ca 40 kvm berre serveringsareal med 10 sitjeplassar.
- Type verksemd: Kafe/ konditori /selskapslokaler.
- Verksemda må ha godkjenning av Mattilsynet.
- Brannsikkerheitsmessige forhold må vere forsvarlege og i samsvar med brannforskriftene.

Krav om tilstrekkeleg vakthald og tilfredsstillande opplegg for orden på området.

Dokumentasjon for at arbeidstakarar er innmeldt i AA registeret og at det er teikna yrkesskadeforsikring for tilsette må ordnast innan ein månad etter oppstart.

Løyveharar har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for kommunen som kan ha konsekvens for dei vilkår løyvet er gitt på.

.....

Formannskapet - 110/18

FO - behandling:

Rådmannen sitt framlegget vart samrøystes vedteke.

FO - vedtak:

I medhald av serveringslova og alkohollova vert søknad om serverings- og skjenkebevilling innvilga.

- Løyveharvar: Knarvik kafe og Thai takeaway as org. nr 919905638.
- Dagleg leiar: Yngve Walaker f. 25.03.64, Litlevika 29, 5914 Isdalstø.
- Styrar for skjenkebevillinga: Yngve Walaker, 25.03.64 og avløyysar for skjenkebevillinga er Anita Tepstad f. 02.04.67.
- Åpningstid og skjenketid: måndag- torsdag kl.11.00 – 23.00, fredag og laurdag kl.11.00 – 01.00, søndag kl.13.00 – 22.00.
- Skjenkebevilling alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2.
- Skjenkebevillinga gjeld til 30.09.2020.
- Areal: ca 70 kvm skjenke- og serveringsareal og 35 sitjeplassar og ca 40 kvm berre serveringsareal med 10 sitjeplassar.
- Type verksemd: Kafe/ konditori /selskapslokaler.
- Verksemda må ha godkjenning av Mattilsynet.
- Brannsikkerheitsmessige forhold må vere forsvarlege og i samsvar med brannforskriftene.

Krav om tilstrekkeleg vakthald og tilfredsstillande opplegg for orden på området.

Dokumentasjon for at arbeidstakarar er innmeldt i AA registeret og at det er teikna yrkesskadeforsikring for tilsette må ordnast innan ein månad etter oppstart.

Løyveharvar har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for kommunen som kan ha konsekvens for dei vilkår løyvet er gitt på.

.....

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i kontrollutvalet for alkohol.

Saka skal avgjerast i Formannskapet.

Bakgrunn

Lindås kommune har motteke søknad om serverings- og skjenkebevilling frå Knarvik kafe og Thai takeaway as. Knarvik kafe og Thai takeaway as. fekk serveringsbevilling til kafe/ konditori/ gatekjøkken i lokaler i Kvassnesvegen 2 i januar 2018. Søknaden no gjeld utviding av serveringsbevillinga til eit større areal, og skjenkebevilling i delar av arealet. Det vil vera stengt med dør mellom desse. Det vil ikkje vera skjenkebevilling i den delen av lokalet som er definert som bakeriutsal/kafe, men ein kan bestille mat og drikke her og få det servert ved bordet i skjenkearealet. Det er søkt om bevilling til selskapslokalet av alkoholhaldig drikk gruppe 1,2. Søkjar ynskjer å servere alkohol til spisegjestar, samt arrangere karaokekveldar, klubbkveldar, julebord, jubileumsfeiringar osv. Det vil vere spiseplikt på staden og skjenking skal foregå ved bordet. Dagleg leiar har bestått etablerarprøven etter [Serveringslova § 5](#) og styrar og stedfortredar har bestått kunnskapsprøve i samsvar med [Alkoholova § 1-7 c](#).

Vurdering

Servering -og skjenkebevilling vert vurdert under eitt.

Alkoholova set vilkår som må vera oppfylt før bevilling kan gjevast. Når desse vilkåra er innfridd er det opp til kommunens frie skjønn å avgjera om bevilling skal gjevast. Det er [serveringslova § 6](#), [alkoholova § 1- 7b](#) -krav til vandel og [alkoholova §1-7 a](#) -kommunens skjønnsutøvelse ved behandling av søknad, samt kommunen sin alkoholpolitiske plan som vert lagt til grunn i vurderinga av søknaden.

Saka har vore til uttale hjå NAV sosial, politi, skatte- og avgiftsmyndigheiter. Det er ingen

vandelsmessige manglar som vert vurdert av ein slik karakter at bevilling ikkje kan tilråast.

I Lindås kommune sin alkoholpolitiske plan heiter det i punkt 6 b kulepunkt 1 « Alminneleg skjenkeløyve kan ikkje bli gitt til serveringsstader som er:

Spesielt retta mot ungdom under 18 år og/eller familiar med mindreårige, under dette vanlege kafear»

I uttalen frå politiet er det ingen vandelsmerknader, men dei uttalar at dette er ein kafe, og at det er ikkje vanleg at slike verksemder har fått skjenkeløyve i Lindås kommune.

Saka er er lagt fram for kontrollutvalet for alkohol. Kontrollutvalet tilrår skjenking av alkohol gruppe 1 og 2 i den delen som er definert som selskapslokaler. Kontrollutvalet har ingen merknad til Pkt 6 b, kulepunkt 1 i alkoholpolitisk plan då denne verksemda ikkje vert vurdert som vanleg kafe.

Rådmannen tilrår at søknaden vert innvilga.

.....